

Møte i Radøy formannskap

Gründerskap, reiseliv eller kultur?

Spørsmål om bruk av næringsfondet vart til ønske om prinsippdebatt i neste møte.



Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

At framsyning av teaterstykket «Amerikafeber» på Vestnorsk utvandringssenter er eit spennande prosjekt, var Radøy formannskap skjont einige om. Men kvar pengane skulle komma frå, opna for spørsmål kring bruk av næringsfondet. Rådmannen sitt forslag var å gje eit tilskot på 20.000 kroner dekkja av 10.000 frå kulturbudsjettet og 10.000 frå næringsfondet.

– Eg kan ikkje sjå kvifor dette er vinkla inn mot næringsfondet og foreslår at alt vert teken frå kulturbudsjettet, seier Kenneth Murberg (H).

– Eg tenker at næringsfondet er litt diffust og fleire av oss har etterlyst litt meir informasjon i situasjonar der me løyver frå



næringsfondet, for eksempel kva me har brukt så langt og kor stort det er, seier Frode Hervik (V).

– **KVIFOR FRÅ NÆRINGSFONDET?** Kenneth Murberg (H) stilte seg undrande til kva ei teaterframsyning har med næringsfondet å gjera, og opna ein debatt kring kva pengane i den potten eigentleg skal gå til.

Vil du bli lærar? Vi treng deg!

- Det er stor etterspørsel etter lærarar i heile landet.
- Med ei lærarutdanning vil du vera sikra jobb, og du kan bu kor du vil.
- Veit du at som lærar vil du vera ein av dei best betalte i kommunesektoren?

Høgskulen i Sogn og Fjordane tilbyr fire ulike grunnskulelærarutdanningar frå hausten 2012:

- Grunnskulelærarutdanning for klassestega 1.–7. på heiltid (4-årig) Sogndal
- Grunnskulelærarutdanning for klassestega 5.–10. på heiltid (4-årig) Sogndal
- Grunnskulelærarutdanning for klassestega 1.–7. på deltid (over 5 år) Sogndal
- Grunnskulelærarutdanning for klassestega 1.–7. på deltid (over 5 år) Breistein

Dersom du har spørsmål, ta kontakt med:
Solfrid Kjøberg, solfrid.kjoberg@hisf.no, tlf. 57 67 62 04
Sjå heimesida til høgskulen www.hisf.no for meir informasjon om studia.

Søknad til Samordna Opptak innan 1. mars 2012 for realkompetansevurdering og 15. april 2012 for deg med generell studiekompetanse. Det er krav om karakteren 3 i snitt for kvart av faga matematikk og norsk og minimum 35 skulepoeng.

Vi gler oss til å møte deg!

HØGSKULEN I
SOGN OG FJORDANE

HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE
POSTBOKS 133, 6851 SOGNDAL
TLF: 57 67 60 00 FAX: 57 67 61 00
post@hisf.no www.hisf.no

hisf.no

Gründerskap eller kulturarrangement

Hervik stolar på at administrasjonen har oversikt over samanhengen, men ønskjer ein større debatt kring kva næringsfondet skal brukast til, og om kanskje det burde fremja gründerskap og næringsutvikling.

– Kanskje me bør ta nokre næringspolitiske grep her? spurte Hervik.

Ordførar Jon Askeland (Sp) forklarte at næringsfondet slett ikkje er noko fond, men ei årleg løyving. Leif Taule forklarte at ein har gjeve tilskot til oppstart av næringar tidlegare, men at dei reglane vart avliva ei stund tilbake, med ein tanke på at pengane deretter skulle brukast til infrastruktur, deriblant marknadsføring.

– Eg ser dette som ein type arrangement som kan gi ein marknadsføringseffekt for kommunen. Næringsfondet er på rundt 450.000 kroner. Dette er pengar me har sett til side når rekneskapen ikkje går i underskot. Dette får me ikkje til å år, så me må leva på dei midlane me har, seier Taule.

Mykje bundne kulturmidlar

Han forklarte at mykje av kulturmidlane er bundne opp til drifta av lag og organisasjonar etter søknad. Etter dette har Radøy ein sum på rundt 120.000 kroner i frie midlar til alle kulturprosjekta dei får inn søknadar på.

– Dette prosjektet er eit veldig flott prosjekt som kan komma til å trekka mykje folk til Radøy. Eg ser ikkje noko problem med å bruka næringsmidlar på det, seier Silje Namtvedt (Sp).

– Eg har ikkje problem med summen kroner, men med å miksa kvar kronene kjem frå, meiner Murberg.

– Det hadde vore ryddig å sjå dette meir kvar for seg, men me har så lite pengar at me må vera litt løysingsorienterte, synest Frode Hervik.

Hervik foreslår at formannskapet tek

ein prinsippdiskusjon på neste møte om namn på og bruk av næringsmidlene.

Bidreg til reiselivsnæringa

Leif Taule minna om at tilskotet til Nordhordland Reiselivslag tidligare vart ført på næringsposten, som eit døme på korleis marknadsføring og reiseliv har hørt heime i den potten.

– Kan me samla oss om å gje halvparten innafor reiselivsnæringa og halvparten innafor kultur, om me tek ein større debatt kring dette seinare? spør Askeland.

– Då er det viktig at me tek den diskusjonen på næringsfondet fortare enn svidt, svarer Roy Bø.

Formannskapet var samrøystes i å gje Vestnorsk utvandringssenter 20.000 kroner, mot at diskusjonen kring næringsfondet kjem alt i neste møte.

– Oppi debatten skal me ikkje gløyma at «Amerikafeber» er eit fantastisk prosjekt, avslutta Frode Hervik til nikkande kolleger.

FAKTA

Radøy formannskap

• Møte torsdag 23. januar klokka 09.00 – 14.00. Møtestad: NGIR, Kjevikdalen

• Desse møtte: Ordførar Jon Askeland, Silje Namtvedt, Anne Berit Bø (Sp), Kenneth Murberg (H), Roy Bø (Frp), Grethe Lunde (Krf) og Frode Hervik (V).

• Frå administrasjonen møtte: Konstituert rådmann Leif Taule, økonomisjef Sveinung Kvamme.